

Bømlo kommune
Leirdalen 1
5430 BREMNES

Dato	19.03.2026
Vår referanse	2025/8872-19
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

Eide Brandasund AS - Søknad om auka lokalitetsbiomasse i anlegg for slaktermerdar for laks og aure på lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 02.12.2025 frå Eide Brandasund AS om auka lokalitetsbiomasse i anlegg for slaktermerdar av laks og aure på lokalitet 16281 Kastevika i Bømlo kommune. Vidare viser vi til at Fiskeridirektoratet den 16.03.2026 har gjeve tilsegn om utviding av slaktermerdløyve frå 780 tonn til 1200 tonn.

Søklar grunnlegg behovet for utviding av slaktermerdløyvet i at det er nødvendig for å få tilgang på nok råstoff og bidra til kontinuerleg produksjon på slaktelinja ved slakteriet.

Bakgrunnen er ifølgje søklar at «Utviklinga i brønnbåtneringa har ført til nyare og større fartøy som tek større laster. Dette gir færre leveringar, noko som er positivt for fiskevelferd, biosikkerheit, økonomi og berekraft. Samstundes stiller det større krav til tilstrekkeleg ventemerkapasitet for å kunne ta imot desse lastene. Det er behov for kapasitet til å halde fleire fiskegrupper klare for slaktning samtidig – mellom anna eigen konvensjonell laks, eigen økologisk laks, eigen aure, samt grupper med ulike sertifiseringar. Eide-selskapa produserer ikkje nok eigen fisk til å dekke behovet ved Eide Brandasund AS. Det er difor også naudsynt å ha kapasitet i ventemerdanlegget til å ta imot og oppbevare også fisk frå eksterne leverandørar.»

Søknaden gjeld auke av slaktermerdkapasitet frå 780 tonn til 1200 tonn. Ei utviding vil ifølgje søklar ikkje føre med seg endring i arealbruk, og det skal ikkje gå føre seg føring og produksjon av fisk på lokaliteten.

Det er opplyst at slakteriet kan handtera inntil 150 tonn fisk rundt vekt per døgn på eit skift, og inntil 250 tonn fisk rund vekt per døgn på to skift.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Vestland fylkeskommune ber om at Bømlo kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søklar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. Forskrift av 22.12.2004

nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader* § 4). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Eide Brandasund AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet

